



DEN NORSKE KYRKJA

Fjell sokneråd

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Straume 03.07.2013

Høyringssvar NOU 2013:1 Det livssynsåpne samfunn

Fjell sokneråd viser til Kulturdepartementet ditt høyringsbrev av 11. februar 2013, der vi vert inviterte til å uttale oss om NOU 2013:1 Det livssynsåpne samfunn. Fjell er ein eittsoknskommune, og det største soknet i landet.

Generelle merknader.

Fjell sokneråd ser det som positivt at Stålsettutvalet i NOU 2013:1 "Det livssynsåpne samfunn" har lagt vinn på at staten sin trus- og livssynspolitikk skal vere aktivt støttande, og ikkje berre nøytralt beskyttande. Fjell sokneråd ser dette som eit uttrykk for at tru og livssyn ikkje berre aukar livskvaliteten for enkeltmenneske, men at aktiv utøving av tru og livssyn er verdifullt for samfunnet som heile.

Prinsipp for ein heilskapleg trus- og livssynspolitikk

Fjell sokneråd sluttar seg i hovudsak til Stålsettutvalet sine prinsipp for trus- og livssynspolitikken. Når det gjeld prinsipp nr 5 om likebehandling, opplever Fjell sokneråd dette som ei tilnærming som skal sikre staten sin nøytralitet i høve til det enkelte trus- og livssynssamfunnet. Oppfatninga om at staten si nøytrale haldning til trus- og livssyn er det beste alternativet, er òg eit verdistandpunkt, og dette standpunktet er i seg sjølv ikkje nøytralt.

Fjell sokneråd meiner at kyrkja sin historiske og kulturelle rolle i samfunnet gjev sakleg grunn for at kristendomen og Den norske kyrkja får ein særskilt plass i det norske samfunnet, og at det er naturleg at Noreg uttrykkjer ein preferanse for den kristne trua. Fjell sokneråd saknar eit meir positivt syn på Den norske kyrkja si rolle som samfunnsaktør og kulturinstitusjon, og meiner Stålsettutvalet har undervurdert Den norske kyrkja og den kristne kulturarven si rolle i det norske samfunnet. Den norske kyrkja har ein viktig funksjon for eit større fellesskap enn dei til ei kvar tid aktive kyrkjegjengarane.

Fjell sokneråd meiner at det ut frå historia er legitimt at Den norske kyrkja framleis skal ha ein folkekyrkjefunksjon, og at det ikkje er diskriminerande å sikre at denne kyrkja er nærverande der folk bur. Fjell sokneråd fryktar at eit likebehandlingsprinsipp der alle skal sikrast same støtte til si trus- og livssynsutøving, i praksis vil medføre at ei lokalt nærverande folkekyrkje ikkje vil kunne oppretthaldast av økonomiske grunnar.

Fjell sokneråd meiner staten si tilnærming bør vere at staten skal tilstrebe ei likeverdig behandling av alle trus- og livssynssamfunn, og at dette inneber noko anna enn at alle skal behandlast likt.

Utvalet strekk altså ideen om staten sin sekularitet for langt, og gjer det til eit prinsipp med høg eigenverdi, utan å vurdere verdien av standpunktet kritisk. Ein sekulær stat er i seg sjølv ikkje ein garanti for at menneskerettar vert respektert og at demokratiet er liberalt. Staten bør reflektere samfunnet den representerer.

Vidare meiner Fjell sokneråd at prinsipp nr 6, som seier at staten sin aktive trus og livssynspolitikk i si utforming må vurderast opp mot sentrale fellesverdiar, i nokre tilfelle, og avhengig av korleis fellesverdiane vert definert, vil kunne komme i konflikt med religionsfridomen. I slike tilfelle må det leggjast avgjerande vekt på at religionsfridomen er ein menneskerett.

Trus- og livssynstene i offentlege institusjonar

Stålsettutvalet går inn for ei endring av dagens ordning med sjukehusprestar, til ei ordning som betre tek omsyn til andre tru og livssyn enn kristendomen. Dette på grunn av at prestane si konfesjonelle tilhørsle og det at dei tilhører Den norske kyrkja, medfører at dei ikkje kan gje fullverdig religiøs betening til pasientar og pårørande som tilhører andre trus- eller livssynssamfunn.

Med andre ord: Fordi det ikkje er tilsette frå andre trus- og livssynssamfunn på sjukehusa, så kan det heller ikkje vere tilsett prest. Fjell sokneråd opplever dette som ei merkeleg tilnærming til problemstillinga.

Sjukehusprestane har høg kompetanse på sitt fagfelt, og Fjell sokneråd meiner det er bruk for prestestillingar på sjukehusa. Den norske kyrkja sin store medlemsmasse og landet sin kristne tradisjon tilseier at behovet for prestestillingar er stort. Fjell sokneråd meiner at ordninga med sjukehusprestar må oppretthaldast, og at ein parallelt med dette må opprette ordningar som medfører at ein på ein tilfresstillande måte også ivaretak dei åndelege behova frå menneske frå andre trus- og livssynssamfunn.

Vigselsmynde.

Fjell sokneråd sluttar seg ikkje til fleirtalet si innstilling om å innføre sivil ekteskapsinngåing som generell ordning, og avvikle vigselsretten for trus- og livssynssamfunn. Utvalet presiserer ekteskapsinngåinga sine to sider som juridisk institusjon, og som ein sentral livsfaseovergang det knyter seg tradisjonar og ritual til, og understrekar at det berre er den offentlegrettslege handlinga som er tema for utvalet si drøfting. Samstundes er tema for drøftinga om trus- og livssynssamfunna framleis bør ha "vigselsmyndighet."

Å "vigsle" er i utgangspunktet ei religiøs handling som erklærer noko som heilagt. Med dette utgangspunktet er vigselsretten ikkje mynde kyrkja har fått delegert frå samfunnet, og vigselsretten kan såleis ikkje avviklast.

Når samfunnet har teke vigselsomgrepet og gjennomfører ein sermoni også når ekteskapsinngåinga skjer "borgarleg," er dette eit uttrykk for at det er ei nær tilknyting mellom ekteskapsinngåinga som offentlegrettsleg handling og som livsritehandling. Ein har hatt behov for eit språk og ritual som markerer ekteskapsinngåinga som noko meir enn ein juridisk kontrakt mellom to menneske. Ektefellene vert "vigde," og gjennomfører ein seremoni, eit språk og ei handling som markerer høgtid og forplikting ut over det ein juridisk kontrakt tilseier. På bakgrunn av dette meiner Fjell sokneråd at det verken er naudsynt eller ønskjeleg å innføre eit skarpt skilje mellom ekteskapsinngåinga som ei offentlegrettsleg handling og livsritehandling.

Fjell sokneråd deler ikkje utvalet sitt fleirtal si bekymring med omsyn til at den nære samanhengen mellom den rettslege ekteskapsinngåinga og ekteskapsritualet er eigna til å skape uklarheit med omsyn til ekteskapet sin rettslege karakter. Fjell sokneråd meiner at det ikkje bør innførast ei ordning som medfører at ein vert tvungr til å inngå ekteskap og å verte vigsle i to forskjellige handlingar. Mynde til å vigsle er ein sterkt integrert del av kyrkja sin tradisjon og eigenforståing, og det er ei ordning som fungerer godt.

Fjell sokneråd sluttar seg til utvalet sitt midretal som peikar på at ein aktivt støttande trus- og livssynspolitikk må søkje å fremje ordningar der trus- og livssynssamfunna spelar ei positiv rolle for enkeltmenneske sine liv og for fellesskapen. At trus- og livssynssamfunna sine vigselsritual framleis får offentlegretsleg verknad, vil medverke til å underbyggje trus- og livssynssamfunna sin posisjon i samfunnet.

Gravferdsforvaltinga

Fjell sokneråd sluttar seg ikkje til Stålsettutvalet si tilråding om å overlate gravplassforvaltinga til kommunane.

Den norske kyrkja har lang tradisjon for å forvalte samfunnet si gravferdsordning. Kyrkja legg vinn på å forvalte dette ansvaret med stor respekt for den enkelte avdøde og nære pårørande sine ønskje. Gjennom lang erfaring har kyrkja opparbeidd stor kompetanse på å møte menneske i sorg, uavhengig av tru og livssyn. Dei tilbakemeldingane vi har fått tyder på at medlem av andre trussamfunn ikkje finn det problematisk å kontakte Den norske kyrkja i samband med eit dødsfall. Det er og vårt inntrykk at samfunnet har vore nøgd med den måten Den norske kyrkja har forvalta gravferdsansvaret på. Fjell sokneråd ser ikkje at det er grunn til å endre ei ordning som fungerer godt.

Sjølv om Den norske kyrkja i dag forvaltar gravferdsordninga som samfunnsaktør og ikkje trussamfunn, ønsker Fjell sokneråd å framleis kunne ta hand om gravferdsforvaltinga for eigne medlemer. Som samfunnsaktør, og på bakgrunn av lang tradisjon og opparbeidd kompetanse på feltet, vil det vere praktisk å vidareføre dagens ordning med at Den norske kyrkja framleis har forvaltingsansvaret for heile gravferdsverksemnda.

Økonomisk støtte til trus- og livssynssamfunna

Grunnlova slår fast at Den norske kyrkja "forbliver Norges Folkekirke." Som følgje av dette må Den norske kyrkja vere nærverande i heile landet, og kunne samle folk i fest og sorg. Det er viktig at det vert lagt økonomisk til rette for at dette framleis vil vere mogeleg.

Fjell sokneråd er samd med utvalet i at det er vaskeleg å vurdere kva som er likeverdig understøtting av Den norske kyrkja og dei øvrige trus- og livssynssamfunna.

I drøftinga av kva som bør gå inn i beregningsgrunnlaget, går det ikkje fram at er det ikkje er det offentlege som fullt ut har finansiert kyrkjebygga. Det er ikkje uvanleg at kyrkjelydane finansierer store delar av nybygg.

Fjell sokneråd er samd i at det vil vere behov for særlege ordningar knytt til freda og verneverdige kyrkjer, og at ei støtte staten gjev til ivaretaking av desse kyrkjene ikkje vert ein del av beregningsgrunnlaget. Dersom slike ordningar ikkje kjem, må det vere mogeleg å avvikle desse bygga.

Når det gjeld spørsmålet om kva krav ein skal stille til utøvande trus- og livssynssamfunn for at dei skal få offentleg tilskot, vil Fjell sokneråd åtvare mot at ein stiller krav som er fundamentert ut frå oppfatninga av kva som til ei kvar tid er politisk korrekt. Det enkelte trus- og livssynssamfunn må ikkje bryte norsk lov, men ein må ikkje stille krav som medfører at trus- og livssynssamfunna må gå på akkord med sitt eige trusgrunnlag. Dersom ein stiller for strenge krav for å utløyse støtte, er dette diskriminerande i seg sjølv.

Ein framtidig trus- og livssynspolitikk, ut over føresetnadene i kyrkjeforliket

Fjell sokneråd undrar seg over at Stålsettutvalet i kap 10 vel å gå ut over det mandatet dei er gjeve, og dermed går ut over føresetnadene i Stortinget sitt kyrkjeforlik. Trass ei grundig handsaming i stortinget i 2012, der eit samla Storting gjekk inn for å dagens grunnlovstekst, går utvalet inn for å endre Grunnlova slik at henvisinga til Den norske kyrkja vert teken ut av § 16, og henvisinga til vår kristne og humanistiske arv vert teken ut av § 2. Verditilknytinga til kristen og humanistisk verdigrunnlag vert også foreslått teken ut av opplæringslova sin formålsparagraf.

Fjell sokneråd meiner at vår tusenårige kulturarv framleis skal understrekast i Grunnlova, og at dette kan gjerast utan at ein samstundes diskriminerer andre religionar og livssyn.

Vedteke av Fjell sokneråd 12. juni 2013.



Dag-Olav Bjørøy
Soknerådsleiar



Annlaug Børve
Kyrkjeverje